

Notat

Saksnr: 2021/3381-1
Saksbehandlar
Dato: 01.02.2021

Forundersøking av habilitetsspørsmål i avdeling for innovasjon og næring

Fylkesrådmannen viser til orienteringsmøte med kontrollutvalet si leiing og sekretariat 11. og 26. januar d.å. knytt til spørsmål om habilitet hos fylkesdirektør Bård Sandal. Bakgrunnen for dette var saksutgreiling og forslag om tildeling av fylkeskommunale midlar til selskap der hans ektefelle anten har ei leiande stilling eller styreverv.

Advokatfirmaet Thommessens har på oppdrag fra fylkesrådmannen gått gjennom alle tildelingar og avslag til aktuelle selskap i perioden 2013-2021. Rapporten med bilag ligg ved denne orienteringa.

Thommessen konkluderer med at Vestland fylkeskommune har gjort gyldige vedtak i dei aktuelle sakene, jfr forvaltningslova §41. Thommessens slår vidare fast at fylkesdirektøren har vore inhabil etter reglane i forvaltningslova når det gjeld den administrative tilrettelegginga av dei aktuelle sakene, jfr. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Det har likevel ikkje kome fram noko som tilseier at fylkesdirektøren har påverka det materielle innhaldet i vurderinga av søknadane og på den måten sjølv tildelingane av midlar. Thommessen konkluderer difor med at inhabiliteten ikkje har hatt innverknad på den vidare politiske handsaminga og vedtaka i dei aktuelle sakene.

Bård Sandal held etter dette fram i stillinga som fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling.

Fylkesrådmannen ser alvorleg på det som er avdekka, men er samstundes glad for å få stadfestat at dei vedtaka fylkeskommunen har gjort i dei aktuelle sakene, er gyldige.

Som ein stor og viktig offentleg aktør har fylkeskommunen eit særleg ansvar for å sikre at forvaltninga er tillitsskapande og har høg etisk standard, både når det gjeld individuelle handlingar og formelle vedtak. Fylkesrådmannen vil no gå gjennom rutinane for å sikre at spørsmål om habilitet er vurdert og dokumentert i kvar einskild forvaltingssak. Det skal også tydeleggjerast korleis sakshandsamarane skal oppstre dersom dei har relasjonar som kan føre til at dei er inhabile i å ta del i tilrettelegginga av eller gjere vedtak i aktuelle saker.

Alle tilsette i fylkesadministrasjonen skal innan kort tid gjennomgå eit eige opplæringsopplegg om habilitetsreglane. Fylkesrådmannen vil også intensivere arbeidet med dilemmatreining i organisasjonen. Dette vil skje gjennom eit nytt opplegg for diskusjon og felles refleksjon rundt aktuelle problemstillingar opp mot dei etiske retningslinjene som gjeld i fylkeskommunen. Dette opplegget vil vere klart i løpet av februar og er noko som alle tilsette skal gå gjennom. I tillegg skal alle leiarar i fylkesadministrasjonen i nær framtid ta del i eit nyutvikla kurs om å vere leiar i ein politisk styrt organisasjon. Dette kurset tek m.a. opp problemstillingar knytt til rolleforståing mellom administrasjon og politikk og generell forvaltningskunnskap.

Vedlegg

- 1 Notat - vurdering av habilitet
- 2 Bilag 1
- 3 Bilag 2